



## Høgskolen i Telemark

Fakultet for allmennvitenskapelige fag

### EKSAMEN

**1045/6002**  
**Markedsføring**

**4.12.2015**

Tid: 4 timer

Målform: Bokmål

Sidetal: 7 (inkl. framsida)

Hjelpemiddel: Ingen.

Merknader: Alle deloppgavene teller likt. Husk å disponere tiden i tråd med vektleggingen. Alle skal svare på de to første oppgavene og du skal velge **to av de tre** siste oppgavene.

**TA DE FORUTSETNINGER DU FINNER  
NØDVENDIG!!!**

Det er så mange som er oppe til eksamen, at sensuren vil komme rundt **15. januar.**

Vedlegg: Ingen

**Eksamensresultata blir offentliggjort på Studentweb.**



## **BOKMÅL**

Bergbys har vært en ledende aktør innen «hamburger/fast food» markedet i Grenland i mange år. Bergbys har vært en av de sterkeste lokale merkevarene som mange har et forhold til. Utover å være kjent for sine hamburgere er de også kjente for å lage en god sennep, som også er distribuert mange steder i landet.

Til tross for en kjent merkevare og mange lojale kunder har det vært mange harde tak for Bergbys det siste året. Først følte de seg økonomisk presset til å flagge ut sennep- og ketsjupproduksjonen, hvor lokale investorer gikk inn og kjøpte fabrikken som nå er skilt ut fra burgervirksomheten.

Tidlig i vår startet prosessen med en akkord for Bergbys AS. Det endte med at ni millioner kroner ble saldert bort. Hans Ole Bergby måtte selv avskrive lån til sin egen bedrift og gikk dessuten inn med rundt en million kroner av private midler som en del av en avtale med banken. Dermed kunne driften av de seks restaurantene fortsette.

Likevel endte det med konkurs for Bergbys i høst. Dette fikk mye medieomtale, og det ble også etablert en Facebook gruppe til støtte for at Bergbys måtte åpne igjen.

Kort tid etter konkursen gikk nye investorer inn i Bergbys og har gjenåpnet de fleste restaurantene. Bergbys på Down Town, Vallermyrene, Moheim og Notodden er nå gjenåpnet. Det vil si at de to restaurantene som gikk dårligst økonomisk er lagt ned.

De nye investorene vil bevare Bergbys som merkevare og i stor grad fortsette med det samme konseptet.

Mange av de samme ansatte vil fortsette, men antallet vil bli redusert som følge av at antall restauranter blir redusert.

Bransjen som Bergbys er en del av, har opplevd svak vekst de senere årene. Dette henger også sammen med trender i samfunnet på sunnere kosthold. Det er heller ikke lenge siden bearbeidet kjøtt ble sidestilt med røyking i forhold til fare for kreft. De store kjedene i dette markedet, som McDonalds, har utviklet produkter som er sunnere. Det samme har Bergbys gjort, som i stor grad kan sies å ha fulgt etter de store kjedene på produktutvikling og prispolitikk.

Bergbys konkurrent i Grenland må først og fremst sies å være McDonalds. I forbindelse med konkursen til Bergbys har også Burger King kunngjort at de vil åpne i Skien i et av Bergbys gamle lokaler. Det vil si at det da kommer en ny kjede inn i Grenland.



## Oppgavene

### Oppgave 1 (25 %) Alle skal svare på denne oppgaven

Fast Food markedet har hatt behov for å tilpasse seg endrede omgivelser de senere årene. Det er viktig for ethvert selskap og bransje å følge med på de interne og eksterne arbeidsbetingelsene. Redegjør for hva som inngår i dette.

Hvilke områder vil du tro at de nye eierne hos Bergbys har lagt vekt på i sine analyser når de nå starter opp igjen?

Ta de forutsetninger du finner nødvendig.

### Oppgave 2 (25 %) Alle skal svare på denne oppgaven

Merkevarebygging er et sentralt begrep innen markedsføringsteorien. Redegjør for hva som gjør en sterk merkevare verdifull, hvilke funksjoner en merkevare har og hvordan man bygger et merke.

Bergbys har som nevnt i teksten, en sterk merkevare. Nå har selskapet vært gjennom en konkurs. De nye eierne har valgt å gå videre med Bergbys som merkevare, hva er din mening om dette?

**Du skal svare på 2 av de neste oppgavene. Hver teller 25 %.**

### Oppgave 3

I all markedsføring er det viktig å finne noe ut om kundene. I den forbindelse kan det være greit å klarlegge begrep som har med segmentering å gjøre.

- a) Redegjør for hvorfor markedssegmentering blir sett på som en viktig del av markedsplanleggingen.
- b) Redegjør for hvilke inndelingskriterier som kan benyttes ved segmentering av forbrukermarkedet.
- c) Lag et forslag til segmentering og målgruppe for Bergbys.



#### **Oppgave 4**

De nye eierne hos Bergbys har uttalt at de har en ambisjon om videre vekst. De muligheter, eller strategier, man har for å vokse kan inndeles i *markedspenetrasjon*, *markedsutvikling*, *produktutvikling* eller *diversifikasjon*.

Forklar disse vekststrategiene, og foreslå og begrunn hvilken vekststrategi Bergbys bør satse på fremover.

#### **Oppgave 5**

I markedskommunikasjon er virkemidler og kommunikasjonsmodellen sentralt. Redegjør for disse områdene.

Kom også med forslag til hva Bergbys kan gjøre med hensyn på markedskommunikasjon.



## NYNORSK

Bergbys har vært ein leiande aktør innan «hamburger/fast food» marknaden i Grenland i mange år. Bergbys har vært ei av dei sterkaste lokale merkevarene som mange har ein relasjon til. Utover å være kjende for hamburgerane sine er dei også kjende for å lage ein god sennep, som også er distribuert mange stader i landet.

Til tross for ei kjend merkevare og mange lojale kundar har det vært mange harde tak for Bergbys det siste året. Først følte dei seg økonomisk pressa til å flagge ut sennep- og ketsjupproduksjonen, kor lokale investorar gikk inn og kjøpte fabrikkene som no er skild ut frå burgerverksemda.

Tidleg i vår starta prosessen med ein akkord for Bergbys AS. Det enda med at ni millionar kroner blei saldert bort. Hans Ole Bergby måtte sjølv avskrive lån til eigen bedrift og gikk dessutan inn med rundt ein million kroner av private middel som ein del av ei avtale med banken. Dermed kunne drifta av dei seks restaurantane halde fram.

Likevel enda det med konkurs for Bergbys i haust. Dette fikk mykje medieomtale, og det blei også etablert ei Facebook gruppe til stønad for at Bergbys måtte opne att.

Kort tid etter konkursen gikk nye investorar inn i Bergbys og har gjenopna dei fleste restaurantane. Bergbys på Down Town, Vallermyrene, Moheim og Notodden er no gjenopna. Det vil seie at dei to restaurantane som gikk dårlegast økonomisk, er lagde ned.

Dei nye investorane vil bevare Bergbys som merkevare og i stor grad halde fram med det same konseptet.

Mange av dei same tilsette vil halde fram, men talet vil bli redusert som følgje av at talet på restaurantar blir redusert.

Bransjen som Bergbys er ein del av, har opplevd svak vekst dei seinaste åra. Dette heng også saman med trendar i samfunnet på sunnare kosthald. Det er heller ikkje lenge sidan bearbeidd kjøtt blei sidestilt med røykjing i høve til fare for kreft. Dei store kjedene i denne marknaden, som McDonalds, har utvikla produkt som er sunnare. Det same har Bergbys gjort, som i stor grad kan seiast å ha følgd etter dei store kjedene på produktutvikling og prispolitikk.

Bergbys sin konkurrent i Grenland må først og fremst seiast å vere McDonalds. I samband med konkursen til Bergbys har også Burger King kunngjort at dei vil opne i Skien i eit av Bergbys sine gamle lokal. Det vil seie at det da kjem ei ny kjede inn i Grenland.



## Oppgåvene

### Oppgåve 1 (25 %) Alle skal svare på denne oppgåva

Fast Food marknaden har hatt trong for å tilpasse seg endra omgivnader dei seinare åra. Det er viktig for alle selskap og bransjar å følgje med på dei interne og eksterne «arbeidsbetingelsene». Gjør greie for kva som inngår i dette.

Kva område vil du tru at dei nye eigarane hos Bergbys har lagt vekt på i sine analyser når dei no starta opp att?

Ta dei føresetnader du finn naudsynt.

### Oppgåve 2 (25 %) Alle skal svare på denne oppgåva

Merkevarebygging er eit sentralt omgrep innan marknadsføringsteorien. Gjør greie for kva som gjør ei sterk merkevare verdifull, kva funksjonar ei merkevare har og korleis ein byggjer eit merke.

Bergbys har som nemnt i teksten, ei sterk merkevare. No har selskapet vært gjennom ein konkurs. Dei nye eigarane har valt å gå vidare med Bergbys som merkevare, kva er di meining om dette?

**Du skal svare på 2 av dei neste oppgåvene. Kvar tel 25 %.**

### Oppgåve 3

I all marknadsføring er det viktig å finne noko ut om kundane. I samband med det kan det være greit å klargjere omgrep som har med segmentering å gjøre.

- a) Gjør greie for kvifor marknadssegmentering blir sett på som ein viktig del av marknadsplanlegginga.
- b) Gjør greie for kva inndelingskriterier ein kan nytte ved segmentering av forbrukarmarknaden.
- c) Lag eit framlegg til segmentering og målgruppe for Bergbys.



#### **Oppgave 4**

Dei nye eigarane hos Bergbys har uttalt at dei har ein ambisjon om vidare vekst. Dei muligheiter, eller strategiar, ein har for å vekse, kan ein deile inn i *marknadspenetrasjon*, *marknadsutvikling*, *produktutvikling* eller *diversifikasjon*.

Forklar disse vekststrategiane, og gjør framlegg om og grunngi kva vekststrategi Bergbys bør satse på framover.

#### **Oppgave 5**

I marknadskommunikasjon er virkemiddel og kommunikasjonsmodellen sentralt. Gjør greie for disse områda.

Kom også med framlegg til kva Bergbys kan gjøre med omsyn til marknadskommunikasjon.